

Omlegging av den differensierte arbeidsgjevaravgifta frå 2007 - Bruk av næringsretta midlar til regional utvikling i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Det blir etablert ei eiga ordning for bruk og forvaltning av næringsretta midlar til regional utvikling over kap. 551.61 i Statsbudsjettet - "Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga".
- 2 Fylkeskommunen skal vere tilskotsforvaltar for midlane. Innovasjon Noreg skal vere operatør for bedriftsretta tiltak innanfor statsstøtteregelverket.
- 3 Midlane skal nyttast i samsvar med føringar og retningsliner gitt av Kommunal- og regionaldepartementet og føringar gitt i Fylkesplanen med tilhøyrande handlingsplanar.
- 4 Det skal etablerast ei eiga foreining som skal leggje til rette for bruken av midlane. Som fylkeskommunen sin representant i styret for foreininga og utsending til årsmøtet, vert vald
- 5 Det skal utarbeidast vedtekter for foreininga. Vedtektene skal tilpassast dei merknadene som er gitt i saksutgreiinga. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å ta stilling til endeleg ukast til vedtekter.
- 6 Hovudutval for plan og næring får fullmakt til å godkjenne foreininga sin årlege handlingsplan og budsjett for bruken av dei samla næringsretta midlane til regional utvikling over kap. 551.61 i Statsbudsjettet.

Prenta vedlegg:

- 1 "Forslag til Interkommunal Næringsretta Utviklingsordning –INU-FSF". Notat frå nedsett arbeidsgruppe med representantar frå berørte bedrifter og ordførarane i Flora, Førde og Sogndal.
- 2 Framlegg til "Vedtekter for den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga – 3 INU-FSF" frå den same arbeidsgruppa.
- 3 Referat frå møte i arbeidsgruppa den 7. februar 2007, Rica Sunnfjord Hotell, Førde

Uprenta vedlegg:

- 1 Brev til fylkeskommunen frå KRD av 10.10.06 "Omleggingen av den differensierte arbeidsgjevaravgiften fra 2007".
- 2 Brev frå ordførarane i Flora, Førde og Sogndal og NHO, Sogn og Fjordane til fylkesordføraren av 24.10.06 "Uttale vedr. innføring av full arbeidsgjevaravgift i Flora, Førde og Sogndal".
- 3 Svarbrev frå fylkesordføraren og fylkesrådmannen av 14.11.06 "Vedrørande uttale om innføring av full arbeidsgjevaravgift i Flora, Førde og Sogndal"
- 4 Notat frå IN av 13.03.07 "Omlegging av den differensierte arbeidsgjevaravgifta frå 2007".

-
- 5 Arbeidsrapport nr. 181 – ”Følgjestudie av kap. 551, post 60 ”Næringsrettede utviklingstiltak – kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift?” – Prosess og profilanalyse”. Møreforskning m.fl. 2005
 - 6 Notat 3/2006 Jørgen Amdam ”Styring ovanfrå eller nedanfrå? Vurdering av samordning av 60 og 61 postane”. Høgskulen i Volda, Møreforskning Volda 2006.
 - 7 KRD ”Retningslinjer
 - Kapittel 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling
 - Kapittel 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling”Gjeldande frå 1.1.2007

Saksframstilling

1. Samandrag

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift (DA) blei gjeninnført med verknad frå 1. januar 2007. For Sogn og Fjordane gjeld dette alle kommunane utanom Flora, Førde og Sogndal.

Det vil gjelde ulike kompensasjonsordningar for dei områda som ikkje fullt ut får gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift. Regjeringa legg opp til at avgiftsauken skal tilbakeførast desse områda.

I perioden 2004 til 2007 fall ordninga med den differensierte arbeidsgjevargifta heilt bort og det blei innført ulike kompensasjonsordningar for dette bortfallet. I Sogn og Fjordane blei midlane som skulle kompensere for dette disponert gjennom eit eige fondstyre – DAA-fondet. Slik ordninga var organisert i Sogn og Fjordane, var det næringslivet som hadde styring over bruken og forvaltninga av midlane.

I saka blir bruk og forvaltning av næringsretta midlar til regional utvikling over kap.551.61 i Statsbudsjettet drøfta. Det er desse midlane som er tenkt tilbakeført til dei berørte områda i fylket – Flora, Førde og Sogndal – som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift frå 01.01. 2007.

Fylkeskommunen har vore i dialog med berørte bedrifter og kommunar. Ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå desse har kome med eige framlegg om korleis desse midlane skal forvaltast.

Vidare har Innovasjon Noreg komme med sine merknader til organiseringa. Desse er lagt inn i saka.

Fylkesrådmannen konkluderer med at det vil vere viktig å byggje vidare på det positive engasjementet næringslivet har synt gjennom den tidlegare ordninga. I forhold til den nye ordninga går han difor inn for at næringslivet framleis skal ha ei tung hand på rattet.

Fylkesrådmannen tilrår ei organisering som byggjer på arbeidsgruppa sin modell, men med visse tipassingar som det er gjort greie for i saka.

2. Bakgrunn

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift (DA) blei gjeninnført med verknad frå 1. januar 2007. For Sogn og Fjordane gjeld dette alle kommunane utanom Flora, Førde og Sogndal.

Dei som får gjeninnført DA, vil få dette med den same satsen som dei hadde i 2003. Samstundes er det altså kommunar som ikkje vil nyte godt av denne ordninga eller vil få gjeninnført DA med ein høgre sats enn den som var gjeldande i 2003.

Det vil gjelde ulike kompensasjonsordningar for dei områda som ikkje fullt ut får gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift. Regjeringa legg opp til at avgiftsauken skal tilbakeførast desse områda. Ordninga som fram til nyttår galdt som alternativ til den differensierte arbeidsgjevaravgifta blir i hovudsak vidareført. Dei alternative og kompenserande tiltaka skal liggje fast til og med **2013** då det blir vedteke nytt regelverk for regionalstøtte av Kommisjonen og ESA.

Dei viktigaste tiltaka i denne samanhengen er:

1. Vidareføring av redusert arbeidsgjevaravgift innanfor fribeløpsordninga på 200 000 euro over ein 3-årsperiode.
2. Næringsretta midlar til regional utvikling over kap. 551 post 61 i statsbudsjettet.
3. Opning for ein regional transportstøtteordning.
4. Kompensasjon til kommunal og statleg sektor.

Denne saka omhandlar punkt 2 og bruken og forvaltninga av dei næringsretta midlane til regional utvikling.

I perioden 2004 til 2007 fall ordninga med den differensierte arbeidsgjevargifta heilt bort og det blei innført ulike kompensasjonsordningar for dette bortfallet. I Sogn og Fjordane blei midlane som skulle kompensere for dette disponert gjennom eit eige fondstyre – DAA-fondet. Slik ordninga var organisert i Sogn og Fjordane, var det næringslivet som hadde styring over bruken og forvaltninga av midlane. På oppdrag av Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) hadde Møreforsking ein følgjestudie av bruken av desse midlane (uprenta vedlegg) der dei m.a. såg spesielt på Sogn og Fjordane.

3. Nærmare om bruken og forvaltninga av dei næringsretta utviklingsmidlane over kap. 551 post 61

Pr. dato har vi ikkje motteke noko tildelingsbrev for midlane. Vi veit heller ikkje noko om kor stor løyvinga vil bli og det er vanskeleg å stipulere dette. I brev av 10.10.06 gjer derimot KRD nærmare greie for omlegginga av differensierte arbeidsgjevaravgifta frå 2007, herunder også om bruken og forvaltninga av dei næringsretta midlane over kap. 551.61 (uprenta vedlegg).

Midlane over dette kapitlet blir tildelt dei fylkeskommunane som har område som ikkje fullt ut får gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift eller får gjeninnført ordninga med ein høgare sats enn før 2004.

Utgangspunktet for kompensasjonsmidlane er at dei for Sogn og Fjordane sin del skal tilbakeførast kommunane Flora, Førde og Sogndal. Om lag 20 bedrifter i desse kommunane blir raka av ordninga. Seinare har KRD i sine retningsliner for kap. 551.61 moderert dette slik, sitat:

”Slike midlar skal som hovudregel nyttast innanfor desse områda med mindre det er konsensus hos partane om at midlane skal ha eit anna geografisk nedslagsfelt.”

Sitat slutt.

Regjeringa har lagt opp til at forvaltninga av desse midlane skal byggje på auka folkevalt styring og ansvar gjennom fylkeskommunane. KRD legg difor opp til at det fylkeskommunale nivået skal ha hovudansvaret i forvaltninga av kompensasjonsmidlane. I følge departementet er dette likevel ikkje til hinder for at fylkeskommunen kan delegere ansvaret til andre sentrale aktørar der dette er naturleg og ønskjeleg, som t.d. kommunane. Det er også mogleg at fylkeskommunen vedtek strategiske føringar for bruken av midlane og at vidare forvaltning blir overlate til berørte kommunar eller regionar, eigne programstyre eller liknande.

Vidare føreset departementet at det skal vere eit klart skilje mellom det strategiske og det operative nivået for bruken av midlane. Fylkeskommunen skal difor ikkje sjølv vere operatør for direkte bedriftsretta verkemiddel, men bruke Innovasjon Noreg som operatør. Departementet peikar dessutan på at det er opna for at kommunane kan gi direkte bedriftsstøtte innanfor nærmare definerte og avgrensa område.

KRD er oppteken av at framtidig forvaltning av midlane skal leggje vekt på omsynet til sterkare folkevald styring og kontroll, men understrekar samstundes at det er svært viktig at det blir sikra ein brei brukarmedverknad frå viktige samfunnsaktørar. Dette gjeld særleg næringslivet, men også kommunane, FOU- og universitets- og høgskulemiljø.

KRD seier vidare at det er vesentleg å oppretthalde og byggje vidare på det sterke engasjementet frå næringslivet som har prega arbeidet med kompensasjonsmidlane i perioden frå 2004 til 2007. Det bør leggjast til rette for at næringslivet kan vere ein sentral premissleverandør i utforminga av tiltak for framtidig bruk av midlane. Avgjersla om bruken av midlane skal såleis ta utgangspunkt i dei utfordringane og behova som næringslivet har prioritert.

Ordninga med sentral godkjenning av handlingsplanar som eksisterte under tidlegare ordning, fell bort frå og med 2007. Fylkeskommunen overtek no dette ansvaret.

KRD legg til grunn at fylkeskommunen i samarbeid med lokale og regionale aktørar vil finne fram til fornuftige rolleavklaringar og mandat som klargjer korleis særleg næringslivsaktørar og kommunar skal delta i planleggings- og avgjerdsprosessane.

4. Om prosessen i Sogn og Fjordane

I brev av 24.10.06 (uprenta vedlegg) kom ordførarane i dei berørte kommunane og styreleiaren i NHO med ein felles uttale vedrørande innføring av full arbeidsgjevaravgift i Flora, Førde og Sogndal. Konklusjonen i dette brevet var at dei ønskte ei ordning med eit fondsstyre der berørte verksemder, dei tre kommunane, fylkeskommunen, LO og NHO var med å forvalta midlane. Dei bad om at fylkeskommunen la til rette for ei slik ordning.

I brevet synte dei vidare til føringar gitt av KRD og gode erfaringar med den gjeldande ordninga.

I sitt svar (uprenta vedlegg) viste fylkesordføraren til føringar gitt av KRD i brev av 10.10.06. Det blei det understreka at fylkeskommunen var oppteken av brei brukarmedverknad, samstundes som det også blei peikt på at endeleg avgjerd om organiseringa og forvaltninga av kompensasjonsmidlane blei gjort i Fylkestinget. For å sikre ein brei dialog med dei involverte partane, skisserte fylkeskommunen at ein ville kalle desse inn for å drøfte nærmare organiseringa og forvaltninga av midlane.

Såleis blei det kalla inn til møte med involverte bedrifter og kommunar, NHO, LO, fylkeskommunen, Høgskulen og Vestlandsforskning den 17.01.07 i Sogndal. Det møtte 35 representantar frå bedriftene, kommunane, fylkeskommunen, LO, NHO og Høgskulen. Møtet konkluderte med å setje ned ei eiga arbeidsgruppe som skulle kome med ei tilråding til fylkeskommunen i deira saksførebuing til Fylkestinget. Arbeidsgruppa hadde slik representasjon:

- ordførarane i Flora, Førde og Sogndal – Bente Frøyen Steindal, Nils Gjerland og Karen Marie Hjelmseter og
- ein representant for bedriftene i kvar av kommunane – Vidar Grønnevik (Flora). Tore Dvergsdal (Førde) og Jarle Molde (Sogndal)

Fylkeskommunen stilte med sekretariat for arbeidsgruppa; Harald N. Offerdal i fylkesrådmannen sin stab. Arbeidsgruppa har hatt eitt møte (referatet følgjer som prenta

vedlegg) og elles kommunisert via e-post. Innstillinga frå arbeidsgruppa blei formelt signert den 5. mars.

5. Innstillinga frå arbeidsgruppa (prenta vedlegg)

Arbeidsgruppa har gjort greie for saka og kome med forslag til organisering og vedtekter for det dei har kalla: "Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga (INU)".

Arbeidsgruppa gjer framlegg om at fylgjande modell vert nytta for å forvalte midlane som skal kompensere for at det ikkje vert innført differensiert arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora, sitat:

"Det vert etablert ein organisatorisk modell som bygger på samme mal som har vore brukt i DAA-ordninga i perioden 2004 – 2006, men tilpassa at ordninga no berre skal gjelde i tre kommunar.

Modellen bygger på at eit Årsmøte som består av ein representant frå kvar av dei råka bedriftene, ein representant frå kvar av dei råka kommunane og ein representant frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vert sett til å forvalte midlane gjennom at det vert etablert ei juridisk eining med navnet "Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka Arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora" (INU – FSF).

Føremålet med denne eininga er:

- *å stå som mottakar av alle næringsretta utviklingsmidlar som blir gitt som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift for verksemder i kommunane Førde, Sogndal og Flora.*
- *å utarbeide retningsliner for korleis denne kompensasjonsordninga best kan nyttast for å fremje næringslivsutvikling i desse kommunane. Dette for at konkurranseulempa med bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift skal bli minst mogleg*
- *å sjå til at fordelinga av midlar skjer i tråd med retningsliner og føringar gitt av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).*
- *å styrke samarbeidet mellom offentlig og privat sektor i dei involverte kommunane, samt vidareføre det sterke næringslivsengasjementet som vart etablert under DAA-ordninga og underbygge eit forsterka samarbeid mellom dei involverte kommunane, totalt sett.*

Foreininga skal ha eit Styre på 10 personar, utan varamedlemar og skal ha slik samansetjing.

- *2 medlemar vert valt av og blant verksemder i Førde kommune og som kan møte som representantar i foreininga sitt årsmøte.*
- *1 medlem vert valt av og blant verksemder i Sogndal kommune og som kan møte som representantar i foreininga sitt årsmøte.*
- *2 medlemar vert valt av og blant verksemder i Flora kommune og som kan møte som representantar i foreininga sitt årsmøte.*
- *1 medlem vert peikt ut av kvar av dei tre kommunane Førde, Sogndal og Florø (totalt 3 medlemmer)*
- *1 medlem vert peikt ut av Sogn og Fjordane fylkeskommune.*
- *1 medlem vert peikt ut av styret i NHO Sogn og Fjordane og denne skal også inneha vervet som styreleiar.*

Styremedlemmane vert valt / utpeikt for 2 år og det vert lagt til grunn at styret skal ha ein kjønnsbalanse som er i tråd med dei nasjonale målsettingane for kjønnsbalansert styresamansetting.

Styret skal lede foreininga i samsvar med føremål og i tråd med vedtektene forøvrig, og elles i samsvar med krav eller retningsliner sett av KR D i samband med tildeling av midlane. Styret har plikt til å sjå til at rekneskapsføring og formuesforvaltning er underlagt tilfredsstillande kontroll.

DAA-ordninga har nytta fylkeskommunen som revisor og vi finn det naturleg å vidareføre denne ordninga.

Styret skal legge habilitetsreglane i forvaltningslova til grunn i arbeidet og har ansvar for å sjå til at desse vert fulgt i all sakshandsaming og i alle vedtak.

Styret skal utarbeide budsjett og handlingsplan for bruk av midlane som vert stilt til rådvelde, der disse dokumenta vert lagt fram for årsmøtet for godkjenning før dei vert lagt fram for fylkestinget for endelig godkjenning og gjennom dette fullmakt til å nytte midlane.

Ordninga som har fungert i perioden 2004 – 2006 har nytta NHO Sogn og Fjordane som sekretæriat og dei har no innarbeida rutiner og kunnskap som vi finn det naturleg å bygge vidare på i ei ny ordning.

Tilsvarande har Innovasjon Norge (IN) vore nytta til å handsame søknader om bedriftsretta tiltak for å sikre at desse er i tråd med regelverka som regulerer tildeling av offentlige midlar og det er ynskje om ei vidareføring av dette arbeidet.

IN kan som funksjon av dette delta i styremøtene.

Framlegg til vedtekter for ei ny ordning er vedlagt dette skrivet, der det er føresett at vedtektene og evt. framtidige endringar av desse skal handsamast og godkjennast av fylkestinget.

Alle midlar som vert tildelt vert plassert på eigen konto dom vert disponert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og løyvingar vert overført direkte frå fylkeskommunen til mottakar i tråd med dei løyvingane som styret gjer.

Bedriftsretta tiltak som vert administrert av IN vert finansiert ved at beløp tilsvarande løyving til slike formål vert overført frå fylkeskommunen til IN og utbetalt til mottakar gjennom IN sine ordinære rutiner. ”

Sitat slutt.

Vidare har arbeidsgruppa lagt fram forslag til vedtekter for ordninga (prenta vedlegg).

6. Innovasjon Noreg sine merknader til organiseringa

Fylkesrådmannen har bedt Innovasjon Noreg, Sogn og Fjordane kome med sine merknader til organiseringa.

I eige notat av 13.03.07 (uprenta vedlegg) kjem dei med følgjande merknader (gjengitt i sin heilheit), sitat:

”Fylkeskommunen har fått hovedansvaret for forvaltningen av kompensasjonsmidlane noko som er i samsvar med øvrige distriktspolitiske verkemiddel frå Kommunal- og regionaldepartementet. Innovasjon Norge (IN) meiner at det ikkje bør byggast opp parallelle forvaltningsnivå for å forvalte desse midlane. Styresmaktene har vore opptekne av å forenkle verkemiddelapparatet ved å slå saman aktørar og å bygge opp under eit prinsipp om at bedriftene skal ha ”ei dør” inn til det offentlege verkemiddelapparatet. IN trur ikkje det er departementet si meining at det skal etablerast nye forvaltningsaktørar som følge av ordninga. Det vil også vere ein fordel om kompensasjonsmidlane kan samordnast optimalt med øvrige bedriftsretta verkemiddel, t.d.

skattefunn, for å få maksimalt ut av offentlege midlar til eit samla næringsliv her i fylket. Samstundes vil ein da sikre at det ikkje blir utbetalt meir samla offentlig støtte til enkelttiltak, enn det som regelverket tillet

Ordninga med kompensasjonsmidlar er ikkje øymerke enkeltbedrifter, dvs at midlane ikkje tilhøyrer bedriftene som er "ramma" av full arbeidsgjevaravgift. Men midlane skal imidlertid brukast i område som har høg arbeidsgjevaravgiftsats, dvs i dei tre kommunane. IN meiner dette er eit godt utgangspunkt for å få finansiera innovasjonsprosjekt i desse områda og dermed få til omstilling og nyskaping i næringslivet

IN har av styresmaktene fått ei viktig rolle i forvaltningen av bedriftsretta verkemiddel. IN har ESA-notifiserte tilskotsordningar, kompetanse om regionalt næringsliv og personalressursar og verktøy som gjer oss i stand til dette. Verkemiddel som fullt ut vert lagt til IN vert forvalta utan nokon ekstra kostnader (jmf SkatteFunn, omstillingsmidlar i Årdal og Høyanger osv). Dersom IN skal ha ei rolle der vi bryt med vårt ordinære forvaltningsregime, må vi ha økonomisk godtgjersle for ekstraarbeidet.

Departementet opnar for at det gjennom kompensasjonsmidlane kan gjevast direkte bedriftsstøtte innanfor ramma av bagatellreglane og/eller i ly av gruppeunntaksbestemmelsane. Her må ein imidlertid vera klar over at dei bedriftene som er "ramma" av full avgiftsats, har fått maksimalt kompensert gjennom bagatellreglane. Gruppeunntaksreglane består av eit relativt komplisert regelverk som det vil vere ressurskrevjande å sette seg inn i, og alle vedtak må også meldast vidare til departementet som melder vidare til ESA.

Det har i den seinare tid vore sterk forkus på habilitet i samband med forvaltningen av offentlege verkemiddel til bedrifter. IN har strenge habilitetsreglar, m.a er det slik at hovestyret til IN skal avgjere saker når eit medlem av hovestyret eller av det regionale styre er inhabilt som følge av tilknytning til søker som medlem av styret eller bedriftsforsamling/representantskap, tilsett eller eigar med innflytelse av betydning. Dette betyr at korkje administrasjonen eller det regionale styret kan beslutte ein søknad eit av styremedlemma i det regionale styre er inhabile på grunn av tilknytning til søker. Med ei samansetning av eit styre slik det er foreslått for den aktuelle forreninga, vil det mest sannsynleg oppstå mange slike habilitetssaker viss dette styre skal ha ei rolle i forvaltningen av midlane."

Sitat slutt

7. Fylkesrådmannen sine merknader til arbeidsgruppa sin modell for forvaltning av midlane

Når ein skal gjere ei slik vurdering, vil det vere naturleg i første omgang å sjå på erfaringane med den gamle ordninga – DAA-fondet. Modellen er med visse tilpassingar ei vidareføring av denne.

I Møreforskning sin følgjestudie – arbeidsrapport 181 "Følgjestudie av kap. 551, post61" frå 2005 – blir ordninga i Sogn og Fjordane evaluert.

Fylkesrådmannen vurderer erfaringane som i hovudsak positive, noko som også blir understreka i andre samanhengar. Mellom anna i eit notat (skrive i 2006) frå Jørgen Amdam til KR D "Styring ovanfrå eller nedanfrå? – Vurdering av samordning av 60 og 61 postane" (uprenta vedlegg).

Amdam skriv til dømes at det har vore ein vesentleg styrke ved 551.61-midlane at brukarane har teke ansvar for praktisk organisering og gjennomføring av tiltak og gjennom dette også utvikla eigarskap.

Vidare hevdar han at styret og sekretariatet i Sogn og Fjordane har arbeidd proaktivt, medan IN har sytt for kvalitetssikring.

Motførestillingane mot å gå inn på ein modell som arbeidsgruppa skisserer vil vere:

- a) Dette er ei ordning med offentlege verkemiddel. Signala frå sentralstyresmaktene kan denne gongen tolkast slik at dette ikkje er spesielt øyremerka midlar til bedriftene som har full avgift.
- b) Fylkeskommunen bør ikkje passivt overlate forvaltninga av ordninga til andre; bør ikkje byggje nye forvaltningsnivå og etablere eit nytt apparat på sida av den eksisterande forvaltninga. Forvaltninga bør vere eit ansvar for det etablerte apparatet.
- c) Det er behov for å samordne verkemiddelbruken og ikkje splitte den opp ytterlegare. Vi vil kunne sjå dei samla verkemidla i lag og såleis få meir ut av kvar krone.
- d) Under DAA-ordninga blei det brukt forholdsvis mykje midlar til kjøp av tenester frå NHO (sekretariat) og IN. Viss ein nytta det etablerte verkemiddelapparatet, vil ein kunne tilby desse tenestene utan kostnad.
- e) Den politiske styringa og kontrollen blir fråverande eller ikkje tilfredsstillande nok.

Jamfør elles IN sine merknader.

Diskusjonen om forvaltninga av kompensasjonsmidlane kjem inn på viktige prinsipielle spørsmål i høve politikarrolla, i høve forvaltning og utvikling og i høve deltaking og partnerskapsbygging.

Gir politikarane ifrå seg for mykje makt og mynde ved å gå inn på arbeidsgruppa sin modell? Abdiserer dei i høve forvaltninga av desse midlane? Dette blir ein politisk debatt, men det er eit vesentleg poeng at det er viktig å sikre folkevald styring, innsyn og kontroll i høve forvaltning av offentlege midlar.

Sentrale utfordringar i høve deltaking, partnerskapsbygging m.v. vil vere:

- a) Skal ein få til utvikling og mobilisering, må dei det gjeld gjevast tillit og ansvar for eiga utvikling. Gjennom DAA-ordninga har næringslivet mobilisert og teke ansvar.
- b) Viktige prinsipp for partnerskapsbygging er likeverd mellom partnarane, gjensidig forplikting og reelt mynde. Det vil seie at både politikarar og forvaltning må vere villige til å gi frå seg makt og mynde til partnaraskapen, ein partnaraskap som dei faktisk sjølve også er ein del av.

I dei sentrale felles retningslinene for kap.551.60 og 61 (uprenta vedlegg) blir det med brukarmedverknad og partnaraskap no spesielt omtalt i eit eige kapittel – kapittel 3 "Forpliktande partnaraskap".

Fylkeskommunen har gjennom forvaltninga av dei tradisjonelle regionale utviklingsmidlane tidvis hatt problem med å få opp engasjementet i næringslivet; involvere bedriftene i partnaraskapen. Dette med unnatak av NHO som har vore aktivt med i prosessane. Dei nødvendige tillitsforholda har ikkje alltid fullt ut vore til stades, noko som ein tydeleg såg under etableringa av DAA-ordninga.

Gjennom DAA-ordninga fekk vi ei endring. Næringslivsrepresentantar blei mobiliserte som hovudaktør og retningsgivar i organisering og verkemiddelbruk. Slik sett initierte desse kompensasjonsmidlane nye måtar å tenke og organisere verkemiddelbruken på.

8. Konklusjon

Fylkesrådmannen er oppteken av å byggje vidare på det positive engasjementet næringslivet har synt gjennom den tidlegare ordninga. I forhold til den nye ordninga vil det såleis vere viktig at næringslivet framleis har ei tung hand på rattet.

Fylkesrådmannen vil difor med dei atterhald som det gjort greie for i saka, gå inn for ei organisering slik arbeidsgruppa gjer framlegg om.

Det har vore ei svakheit ved DAA-ordninga (551.61) at desse midlane ikkje har vore godt nok koordinert med dei regionale utviklingsmidlane som blir løyvde over kap. 551.60. For å bøte på dette føreslår fylkesrådmannen følgjande:

- a) Det blir etablert ein møteplass for koordinering og erfaringsutveksling mellom dei regionale utviklingsmidlane og dei næringsretta midlane til regional utvikling.
- b) Fylkesrådmannen møter med observatørstatus i foreininga sitt styre.

Dette vil fullt ut vere i samsvar med KRD sine føringar og intensjonar.

Folkevald styring og kontroll blir med den nye ordninga ivareteke på ein vesentleg betre måte:

- a) Det er fylkestinget som avgjer organisering og gir føringar for verkemiddelbruken.
- b) Det er fylkestinget eller den fylkestinget måtte gi fullmakt, som årleg godkjenner foreininga sine budsjett og handlingsplanar.
- c) Politikarane er betre representert i styret gjennom dei folkevalde i dei aktuelle kommunane. Politikarane blir på ein annan måte aktivisert i arbeidet, samstundes som ein sikrar ei betre kopling mellom det offentlege og næringslivet lokalt. Denne koplinga vil vere nødvendig for å få til ei aktiv næringsutvikling i kommunane. Det blir såleis etablert ein viktig arena/møteplass mellom næringslivet og politikarane i desse kommunane.

Det har vore ein diskusjon om sekretariatet for foreininga. Fylkeskommunen har tilbydd seg å ta på seg denne rolla utan kostnad, men dette blei avvist av arbeidsgruppa. Fylkesrådmannen ser at det kan vere eit poeng at NHO i denne rolla har hatt ei proaktiv og oppsøkjande rolle overfor dei involverte bedriftene. Under føresetnad av at ein sikrar gode koplingar mot det eksisterande verkemiddelapparatet, finn likevel fylkesrådmannen å kunne gå inn for arbeidsgruppa si tilråding på dette punktet.

Elles er det behov for å vere tydeleg i høve

1. skiljet mellom tilretteleggings- og bedriftsretta tiltak og formalia knytt til forvaltning av midlar til bedriftsretta tiltak og
2. kven som er mottakar og forvaltar av 551.61-midlane.

Til punkt1:

Fylkeskommunen eller den fylkeskommunen gjev mynde, kan ikkje vere operatør for direkte bedriftsretta tiltak. Innovasjon Noreg skal her brukast som operatør. Foreininga kan difor ikkje vere operatør for direkte bedriftsretta tiltak, men må bruke IN til dette.

Fylkeskommunen eller den fylkeskommunen gjev mynde til dette, kan derimot gje strategiske føringar for bruken av verkemiddel til bedriftsretta tiltak. Det vil seie at foreininga gjennom sin handlingsplan kan gi strategiske føringar for bruken av midlar til bedriftsretta tiltak.

Fylkeskommunen eller den fylkeskommunen gjev mynde, har på si side det fulle ansvaret for tiltak av tilretteleggjande art - tiltak som ikkje er direkte bedriftsretta. Det vil seie at foreininga vil få eit sjølvstendig ansvar i høve denne typen tiltak.

Fordelinga mellom midlar til tilrettelegging og midlar til direkte bedriftsretta tiltak må foreininga synleggjere i sin årlege handlingsplan.

Til punkt 2:

Fylkeskommunen er mottakar av og tilskotsforvaltar for midlane. Fylkeskommunen kan overføre midlar til andre tilskotsforvaltarar som til dømes Innovasjon Noreg.

Arbeidsgruppa føreslår i si tilråding at alle midlar som blir tildelt blir plassert på eigen konto som blir disponer av fylkeskommunen. Løyvingar blir overført direkte frå fylkeskommunen til mottakar i tråd med dei løyvingane som styret gjev.

Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkeskommunen blir tilskotsforvaltar for 551.61-midlane. Løyvingar blir overførde direkte frå fylkeskommunen i samsvar med vedtak som blir gjorde av foreininga og Innovasjon Noreg. Det skal skrivast ut tilsegnsbrev i samsvar med gitte retningsliner for dette. Elles vil prosedyrar ved tildeling av midlar, søknader m.v. i dei sentrale retningslinene frå KRD gjelde.

Foreininga vil likevel ha behov for midlar til eiga drift. Fylkesrådmannen tilrår difor at det blir overført midlar til dette føremålet og at foreininga står som tilskotsforvaltar av desse midlane.

Elles vil nasjonale mål gitt gjennom eige tilskotsbrev, Fylkesplanen og tilhøyrande handlingsprogram måtte vere styrande for foreininga. Men likevel slik at desse føringane blir tilpassa lokale utfordringar og tilhøve gjennom ein eigen handlingsplan.

9. Fylkesrådmannen sine merknader til vedtektene

Arbeidsgruppa har utarbeidd eige framlegg til vedtekter. Fylkeskommunen sin juridiske ekspertise har undervegs kome med sine merknader.

Med utgangspunkt i konklusjonane ovanfor har fylkesrådmannen gått igjennom forslaget til vedtekter.

Fylkesrådmannen legg ikkje fram eige forslag til vedtekter, men føreslår at foreininga tilpassar vedtektene i samsvar med fylkesrådmannen sine merknader.

Fylkesrådmannen viser til konklusjonane og har følgjande merknader til vedtektene:

Til punkt 3 i arbeidsgruppa sit framlegg "Foreininga sitt føremål"

Første strekpunkt har slik ordlyd:

- å stå som mottakar av alle næringsretta utviklingsmidlar som blir gitt som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift for verksemder i kommunane Førde, Sogndal og Flora.

Merknad:

Fylkesrådmannen har tilrådd at fylkeskommunen skal vere mottakar og tilskotsforvaltar av desse midlane. Dette punktet må difor gå ut.

Andre strekpunkt har slik ordlyd:

- å utarbeide retningsliner for korleis denne kompensasjonsordninga best kan nyttast for å fremje næringslivsutvikling i desse kommunane. Dette for at konkurranseulempa med bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift skal bli minst mogeleg.

Merknad:

Fylkesrådmannen føreslår ei slik presisering (understreka):

- å utarbeide forslag til handlingsplan og lokale retningsliner for korleis kompensasjonsordninga for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift best kan nyttast for å fremje næringslivsutvikling i desse kommunane. Dette for at konkurranseulempa med bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift skal bli minst mogeleg.

Tredje strekpunkt har slik ordlyd:

- å sjå til at fordelinga av midlar skjer i tråd med retningsliner og føringar gitt av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).

Merknad:

Fylkesrådmannen viser til føreslegne endringar ovanfor. Dette avsnittet vil ikkje lenger vere i samsvar med foreininga sitt føremål og blir difor føreslege stroke.

Til punkt 4 i arbeidsgruppa sit framlegg "Foreininga sin kapital"

Punktet har slik ordlyd:

Foreininga har ikkje eigen kapitalbase. Foreininga sin kapital vil soleis til ei kvar tid vere dei midlane som foreininga blir eller har blitt tildelt frå KRD via Sogn og Fjordane fylkeskommune som kompensasjon for bortfall av arbeidsgjevaravgift for verksemder i kommunane Førde, Sogndal og Flora.

Merknad:

Fylkesrådmannen tilrår at fylkeskommunen blir tilskotsforvaltar for midlane. Foreininga vil såleis ikkje ha eigen kapitalbase utanom dei føreslegne midlane til eiga drift. Punktet må korrigerast i samsvar med dette.

Fylkesrådmannen føreslår difor slik ordlyd:

Foreininga har ikkje eigen kapitalbase. Drift av foreininga blir dekkja av midlar frå kap. 551.61.

Til punkt 6 i arbeidsgruppa sit framlegg "Styret"

Merknad:

Det blir eit forholdsvis stort styre. Dette har både sine fordelar og ulemper. Fordelar har vi gjort nærmare greie for i konklusjonen. Styret vil spesielt få ei utfordring i høve spørsmål om habilitet.

Vidare bør det kome ei tilføyning om at fylkesrådmannen skal stille med observatørstatus i styret. Dette for mellom anna å sikre ei betre koordinering og kopling mot dei regionale utviklingsmidlane over post 551.60 i Statsbudsjettet.

Fylkesrådmannen føreslår difor slikt tillegg:

Fylkesrådmannen kan møta i styret med observatørstatus.

Til punkt 7 i arbeidsgruppa sit framlegg ”Styret sine oppgåver”

Nest siste avsnitt har slik ordlyd:

Styret skal legge habilitetsreglane i forvaltningslova til grunn i arbeidet og har ansvar for å sjå til at desse vert følgde i all sakshandsaming og i alle vedtak.

Merknad:

Her bør det vere ei direkte tilvising til gjeldande habilitetsreglar i Forvaltningslova kapII.

Fylkesrådmannen føreslår difor ei slik presisering (understreka):

Styret skal legge habilitetsreglane i Forvaltningslova kap. II til grunn i arbeidet og har ansvar for å sjå til at desse vert følgde i all sakshandsaming og i alle vedtak.

Siste avsnitt har slik ordlyd:

Styret skal utarbeide budsjett for driftsåret saman med handlingsplan for korleis foreininga sine midlar skal nyttast.

Merknad:

Vi må her skilje mellom foreininga sine eigne midlar (som i følge fylkesrådmannen si tilråding vil vere driftsmidlar) og dei samla midlane forvalta av fylkeskommunen.

I forhold til eigne midlar kan punktet stå, men det bør kome eit tillegg som seier at styret også skal utarbeide ein handlingsplan for den samla bruken av 551.61-midlane.

I tillegg bør styret årleg pr. 15.02. rapportere til fylkestinget eller til den fylkestinget gir mynde, om gjennomføringa av handlingsplanen.

Fylkesrådmannen føreslår difor følgjande tillegg:

Styret skal i tillegg utarbeide eige budsjett og eigen handlingsplan for den samla bruken av midlane i kap. 551.61.

Styret rapporterer årleg pr. 15.02 til fylkestinget om gjennomføringa av handlingsplanen.

Til punkt 9 i arbeidsgruppa sit framlegg ”Saker som skal handsamast av årsmøtet”

Ordlyden i andre avsnittet må tilpassast i høve endringsforslaga i punkt 3, 4 og 7.

Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om at andre avsnittet blir endra slik:

Årsmøtet skal kvart år handsame foreininga sitt rekneskap og årsrapport. Årsmøtet skal og handsame styret sitt forslag til budsjett for foreininga i inneverande år. Årsmøtet skal i tillegg handsame styret sitt forslag til budsjett og handlingsplan for den samla bruken av 551.61-midlane i inneverande år. Årsmøtet gjer her endeleg vedtak før dette budsjettet og handlingsplanen blir lagt fram for Fylkestinget til endeleg godkjenning.

Konklusjon:

Fylkesrådmannen legg ikkje fram endeleg forslag til nye vedtekter. Ei tilpassing av vedtektene bør skje i dialog med dei involverte partane, men likevel slik at Fylkestinget sine føringar vil gjelde. Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å godkjenne revidert utkast til vedtekter.

10. Tiltråding

- 3 Det blir etablert ei eiga ordning for bruk og forvaltning av næringsretta midlar til regional utvikling over kap. 551.61 i Statsbudsjettet - "Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga".
- 4 Fylkeskommunen skal vere tilskotsforvaltar for midlane. Innovasjon Noreg skal vere operatør for bedriftsretta tiltak innanfor statsstøtteregelverket.
- 5 Midlane skal nyttast i samsvar med føringar og retningsliner gitt av Kommunal- og regionaldepartementet og føringar gitt i Fylkesplanen med tilhøyrande handlingsplanar.
- 6 Det skal etablerast ei eiga foreining som skal leggje til rette for bruken av midlane. Som fylkeskommunen sin representant i styret for foreininga og utsending til årsmøtet, vert vald
- 6 Det skal utarbeidast vedtekter for foreininga. Vedtektene skal tilpassast dei merknadene som er gitt i saksutgreiinga. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å ta stilling til endeleg ukast til vedtekter.
- 6 Hovudutval for plan og næring får fullmakt til å godkjenne foreininga sin årlege handlingsplan og budsjett for bruken av dei samla næringsretta midlane til regional utvikling over kap. 551.61 i Statsbudsjettet.